



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Kommunestyre

Møtested:	Kommunestyresalen, 3. etg. Rådhuset
Møtedato:	28.01.2016
Tidspunkt:	14:00 - 16:40

Til behandling: **Saksliste nr. 001/16 - 012/16**

Medlemmer:

AP - Kristin Maurstad (Ordfører)
SP - Nils Isak Myklebust (Varaordfører)
FRP - Hogne Bleie (Medlem)
H - Morten Andreas Hagen (Medlem)
KRF - John Inge Refvik (Medlem)
R - Geir Ole Oldeide (Medlem)
TVLV - Einar O. Midtbø (Medlem)
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
AP - Frode Falkevik Kupaen (Medlem)
FRP - Sølvi Karin Grov (Medlem)
H - Anett Berg (Medlem)
SP - Asgeir Solheim (Medlem)
TVLV - Even Halsør (Medlem)
AP - Tove Lill Refvik Volle (Medlem)
H - Kristian Skibenes (Medlem)
SFP - Betty Lovise Hessevik (Medlem)
V - Mona Alvestad (Medlem)
AP - Roger Bernt Silden (Medlem)
H - Therese Sævbø Strand (Medlem)
SP - Reiel Fagerlid (Medlem)
AP - Jostein Einar Mykland (Medlem)
H - Ørjan Kvalheim (Medlem)
AP - Leif Magne Gil (Medlem)
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)
H - Elisabeth Elliott (Medlem)
H - Amund Gotteberg (Medlem)

Varamedlemmer:

V - Torstein Hagen (Varamedlem)

Forfall:

V - Daniel Gangeskar (Medlem)

Av 27 medlemmer møtte: 26. Totalt frammøtte: 27

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite, kommunalsjef Helse- og omsorg Jeanette Jensen, kommunalsjef Oppvekst- og kultur Ove Aksnes.

Måløy 28. januar 2016

Kristin Maurstad
ordfører

Linda A. Myhre Larsen
tjenesteleder Service

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
001/16	Godkjenning av møteprotokoll	
002/16	Referatsaker	
003/16	Valg av formannskap 2015 - 2019 - Krav om lovlighetskontroll.	
004/16	Intensjonsavtale for kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven	
005/16	Kommunereform og innbyggjarhøyring	
006/16	Forslag til økonomisk kompensasjon til kommuner med oppdrettskonsejonar	
007/16	Måløyraidet opplevingssenter - Vilkår for bygging av heis	
008/16	Evnt. etablering av kommunal byggenemnd	
009/16	Valg av Eldreråd 2015 - 2019	
010/16	Val av representant med vara til Nordfjord IUA -Interkommunalt Utval mot Akutt forureining- 2015 - 2019	
011/16	Valg av representant til representantskapen for Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS - 2016 - 2019	
012/16	Møtefullmektig forliksrådet - Vågsøy kommune 2016	

Ingen merknader til innkallingen.

Merknader til saklisten:

Interpellasjon datert 24.01.2016 fra Rødt v/repr. Geir Oldeie vedr. steinfyllinga i Måløy sentrum. Denne ble videresendt til kommunestyret 25.01.2016.

Ordfører Kristin Maurstad orienterte.

Signering av protokollen

Representantene Betty Hessevik og Ørjan Kvalheim ble valgt til å signere protokollen.

Åpning av Nergård Pelagic AS sin nye mel- og oljefabrikk

Tirsdag 23.02.2016 skal det være åpning av Nergård Pelagic AS sin nye mel- og oljefabrikk. Fiskeriminister Per Sandberg kommer til åpningen. Ordfører Kristin Maurstad vil delta på åpningen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	28.01.2016	001/16

Endelig vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 16/142	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
-----------------------------------	------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

28.01.2016 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

K-001/16

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 10.12.2016 ligger i Politikerportalen og på kommunens hjemmeside.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	28.01.2016	002/16

Endelig vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 16/141	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
--	-------------------------------	---

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

28.01.2016 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ref. sak 1: Orientering frå ordfører:

Møte ang synergi av Stad skipstunell. Hva skal massene brukes til? Evt. fraktpris ikke sagt noe om. Kystverket ønsker en prioritering fra kommunene om hva uttaksmassen skal brukes til. Vågsøy kommune må ha oversikt klar til formannskapsmøte 11.02.16 for endelig vedtak i kommunestyremøte 03.03.2016. Evt. innspill kan sendes til ordfører og varaordfører.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

K-002/16

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	16/470	S 14.01.2016		Orienteringer fra ordfører 21.01.2016
2	16/448	S 14.01.2016		Intensjonsavtale for kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven Valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 til 31.12.2020
3	15/13214	I 18.11.2015	Domstoladministrasjon	
4	16/296	I 21.12.2015	Det kongelige justis-	Valg av

5	15/13735	I	01.12.2015	og beredskapsdepartem entet Norges Vassdrag- og energidirektorat NVE Region V	forlikrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer 2017 Orientering om vedtak. NVEs referanse: 200708328-134
---	----------	---	------------	--	---



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	28.01.2016	003/16

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/1144	Saksansvarleg: Linda Alice Myhre Larsen
------------------------------------	-------------------------	--

Valg av formannskap 2015 - 2019 - Krav om lovlighetskontroll.

Rådmannen si innstilling

Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i sak 117 /15 og oversender det Fylkesmannen til avgjerd.

28.01.2016 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling vedtatt mot 9 stemmer.

K-003/16

Vedtak:

Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i sak 117/15 og oversender det til Fylkesmannen til avgjerd.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommunelova, Vallova. Valrundskrivet.

Bakgrunn for saka

Representantane Hogne Bleie, Sølvi Grov og Reiel Fagerlid har kravd lovlighetskontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak117/15.

Saksopplysningar / fakta

Lovlighetskontroll kan krevjast med heimel i kommunelova § 59.

«§ 59.Lovlighetskontroll, opplysningsplikt m.v.

1. Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen bringe avgjørelser truffet av folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjørelsens lovlighet. Det samme gjelder avgjørelser om møter skal holdes for åpne eller lukkede dører, jf. § 31, og avgjørelser om habilitet. Avgjørelser om ansettelse, oppsigelse eller avskjed er ikke gjenstand for lovlighetskontroll. Spørsmål om det foreligger brudd på bestemmelser gitt i eller i medhold av lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser kan heller ikke gjøres til gjenstand for lovlighetskontroll.

2. Krav om lovlighetskontroll framsettes for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse. Hvis dette opprettholder avgjørelsen, oversendes saken til departementet.

3. Krav om lovlighetskontroll medfører ikke at iverksettelsen av den påklagede avgjørelsen utsettes med mindre det organ som har truffet avgjørelsen, kommunalt eller fylkeskommunalt organ overordnet dette eller departementet fatter slikt vedtak.

4. Ved lovlighetskontroll skal det tas stilling til om avgjørelsen

- a. er innholdsmessig lovlig,
- b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse, og
- c. er blitt til på lovlig måte.

Departementet skal oppheve avgjørelsen hvis det er gjort slike feil at den er ugyldig.

5. Departementet kan på eget initiativ ta en avgjørelse opp til lovlighetskontroll.

6. Departementet kan kreve at kommunen og fylkeskommunen gir opplysninger om enkeltsaker eller sider av kommunens og fylkeskommunens virksomhet. Departementet har rett til innsyn i alle kommunale og fylkeskommunale saksdokumenter.

7. Departementet fastsetter nærmere regler om tidsfrister for krav om lovlighetskontroll.»

Motteke krav er underteikna av 3 representantar og levert innan fristen på 3 veker.

Kommunestyret skal vurdere klagen som førsteinstans. Om vedtaket vert oppretthalde, går det til Fylkesmannen til avgjerd.

Klagen gjeld vedtaket der kommunestyret gjorde om kandidatføringa til formannskapet for felleslista for Senterpartiet og Tverrpolitisk liste. Denne lista fekk 2 mandat og hadde 2 menn øvst på lista.

I medhald av valrundskrivet valde kommunestyret i seinare møte å gjere om kandidatføringa, slik at første kvinne rykte opp til fast plass, og lista fekk då ein mann og ei kvinne som representantar i formannskapet.

«Kjønnsmessig representasjon

Det følgjer av føresegnene om kjønnskvoltering i § 37 nr. 3, jf. § 36 nr. 2, at ein må foreta kjønnskvoltering dersom krava i lova ikkje er oppfylde. **Ein må her sjå på den gruppa den einskilde lista har fått vald inn, og ikkje på organet samla.** Dette inneber følgjande: Har lista fått *to eller tre medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert. Har lista fått *fire eller fem medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst to*. Har lista fått *seks til åtte* 0

medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med *minst tre*. Har lista fått *ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst fire*, og har lista fått *fleire enn ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst 40 prosent*.

Sidan formannskapet/fylkesutvalet berre skal bestå av medlemmer frå kommunestyre eller fylkesting, skal desse føresegnene følgjast så langt det er mogeleg.

Dersom det står kandidatar frå det underrepresenterte kjønn lenger ned på lista, skal desse rykke opp i det omfang det er naudsynt for å tilfredsstille krava til kjønnsmessig balanse.»

Vurdering / konsekvensar

Reglane er rimeleg klare. Kommunestyret gjorde feil ved første kandidatføringa og pliktar å rette opp dette ved første høve.

Det kjem elles fram av klagen at ein kunne ha vald å stille kvar si liste og på denne måten fått inn sine prioriterte kandidatar. Felleslista har såleis sjølv vald å utfordre lova og måtte slik sett vere budd på at konsekvensen blei at ved to medlemmar, måtte det bli ein av kvart kjønn.

Det var dialog med Fylkesmannen som oppmoda kommunen om sjølv å rette opp i feilen. Om ikkje ville Fylkesmannen ta opp saka.

Klagen inneheld elles forhold som ikkje vedkjem det aktuelle vedtaket som ein difor ikkje finn grunn til å gå inn på. Svara på spørsmåla kjem for øvrig fram i lov og rundskriv.

Ein registrerer elles at Vågsøy ikkje er einaste kommune som må gjere omval/rette opp feil..

Vedlegg:

Dok.nr
181404
175008

Tittel på vedlegg
Kommunestyresak 117.2015 Krav om Lovlighetskontroll.pdf
Rundskriv - Val av formannskap - ordførar - varaordfører m.m..pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	U	06.10.2015	Medlemmer og varamedlemmer Formannskap 2015 - 2019	Formannskap 2015 - 2019
4	I	03.11.2015	Vågsøy Høyre v/Therese Sæbøe Strand	Vedr. klage på valg av formannsrepre, kjønnsfordeling, kommunestyre 01.10.2015
6	N	04.11.2015	Linda Alice Myhre Larsen	Kjønsmessig balanse
5	U	05.11.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Valg av formannskap 2015 - 2019 Vågsøy kommune
9	I	17.11.2015	Tverrpolitisk liste for Vågsøy	Formannsvalsval Vågsøy
8	I	17.11.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Nils Isak Myklebust; Betty Lovise Hessevik; Einar O. Midtbø;	Vurdering Formannsvalsval Vågsøy
11	U	18.12.2015	Asgeir Solheim; Even Halsør; Reiel Fagerlid; Edvard Johan Iversen;	Valg av formannskap 2015 - 2019 - Ny kandidatføring liste for SP/TVP

Mona Alvestad;
Daniel Gangeskar;
John Inge Refvik;
Kristian Skibenes;
Elisabeth Elliott;
Ørjan Kvalheim;
Amund Gotteberg;
Morten Andreas Hagen;
Anett Berg;
Therese Sæbøe Strand;
Sølvi Karin Grov;
Tove Lill Refvik Volle;
Roger Bernt Silden;
Geir Ole Oldeide;
Leif Magne Gil;
Kristin Maurstad;
Frode Falkevik Kuppen;
Hogne Bleie

13 | 31.12.2015 Hogne Bleie

Krav om lovlighetskontroll kandidatføring etter
formannskapsvalet 2015



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	21.01.2016	006/16
Kommunestyre	28.01.2016	004/16

Endeleg vedtak i Kommunestyret	Arkivsaknr.: 14/770	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
--------------------------------	---------------------	-------------------------------

Intensjonsavtale for kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommunestyre vedtek Intensjonsavtale for samanslåing av kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven.
2. Vågsøy kommune skal fortsette førebuing av ny kommunestruktur saman med kommunane Selje og Vanylven, føresett likt vedtak i dei to kommunane.
3. Evt. Intensjonsavtale med Flora og Bremanger blir å handsame tilsvarende om slik avtale blir framforhandla.

21.01.2016 Formannskap

Møtebehandling:

Ordfører Kristin Maurstad og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Rådmann endret pkt. 3 i rådmannens innstilling slik:

«3. Andre Intensjonsavtalar blir å handsame tilsvarende om slike avtaler blir framforhandla.»

Votering

Rådmannens innstilling med endring i pkt. 3 enstemmig vedtatt.

F-006/16

Formannskapets innstilling til vedtak:

1. Vågsøy kommunestyre vedtek Intensjonsavtale for samanslåing av kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven.
2. Vågsøy kommune skal fortsette førebuing av ny kommunestruktur saman med kommunane Selje og Vanylven, føresett likt vedtak i dei to kommunane.
3. Andre intensjonsavtalar blir å handsame tilsvarende om slike avtale blir framforhandla.

28.01.2016 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ordfører Kristin Maurstad orienterte om felles formannskapsmøte med Selje og Vanylven kommuner 28.01.2016 og foreslåtte endringer i intensjonsavtalen.

Ordfører Maurstad fremmet følgende nytt punkt 4 til formannskapets innstilling til vedtak:

«4. Formannskapet får fullmakt til å justere avtalen etter behandlinga i dei andre kommunane.»

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Votering

Det ble først votert over nytt pkt. 4 fremmet av ordfører Maurstad. Enstemmig vedtatt.

Det ble deretter votert samlet over pkt. 1 – 4. Vedtatt mot 1 stemme.

K-004/16

Vedtak:

1. Vågsøy kommunestyre vedtek Intensjonsavtale for samanslåing av kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven.
2. Vågsøy kommune skal fortsette førebuing av ny kommunestruktur saman med kommunane Selje og Vanylven, føresett likt vedtak i dei to kommunane.
3. Andre intensjonsavtalar blir å handsame tilsvarende om slike avtaler blir framforhandla.
4. Formannskapet får fullmakt til å justere avtalen etter behandlinga i dei andre kommunane.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommunelova, Kommuneinndelingslova, Stortingsvedtak om kommunereform

Bakgrunn for saka

Vågsøy kommune har to pågåande utgreiingar om ny kommuneinndeling, ein mot Flora og Bremanger og ein mot Selje og Vanylven.

Saksopplysningar / fakta

I utgreiinga med Selje og Vanylven er ein komen dit i forhandlingane at ein har ferdigstilt eit konkret forslag til intensjonsavtale. Denne inneheld punkta:

- Mål
- Gode tenester
- Fylkestilhørighet
- Kommuneorganisering
- Politisk styring
- Kommunenamn og kommunevåpen
- Målform
- Interkommunale selskap/samarbeid
- Økonomi
- Samordning av planverk
- Arbeidsgjevarepolitikk

Intensjonsavtalen tydeleggjer hensikta og kva ein ønskjer med ei kommunesamanslåing. I tillegg legg den nokre av premissane og skal gje noko av grunnlaget for å kunne gjere seg opp ei meining. Den skal og danne grunnlaget for vidare arbeid etter eit eventuelt endeleg vedtak

Rådmennene har også utarbeidd eit kort notat om Administrativ organisering og fordeling av oppgåver som ligg ved. Ettersom dette er på eit tidleg stadie har ein ikkje gått ned i detalj. men lagt til grunn ei for fordeling mellom kommunane. Det er lagt til grunn eit prinsipp om fordeling av rådhusfunksjonar på 40-30-30 på Vågsøy, Selje og Vanylven.

Prosjektdokumentet som er utarbeidd gjennom prosjektperioden ligg også ved.

Vurdering / konsekvensar

Intensjonsavtalen vil saman med utgreiinga mellom anna vere utgangspunkt for folkemøte i kommunane i perioden 29.februar – 3.mars, og vil gjere innbyggjarane i stand til å ta standpunkt til ei samanslåing mellom desse kommunane.

Etter at Vanylven kom inn i samtalan og Eid trekte seg ut, har det vore god framdrift i arbeidet. Ein har hatt god nytte av det arbeidet som blei gjort saman med Eid og Selje i forkant ikkje minst i høve forhandling av intensjonsavtalen. Dette har medverka til at ein saman med dei 2 andre kommunar som er med har hatt god progresjon og kome raskt fram til gode resultat.

For Vågsøy sin del er det viktig å få kommunesenteret. For utviklinga av byen og nærområdet, er det viktig å oppretthalde arbeidsplassar i sentrum

Samstundes vil dette vere ei kommune med stor geografisk utstrekning der ein vil ha utfordingar med folketalsutviklinga og ein aukande aldring i befolkninga. Det er difor ein føresetnad at det vert oppretthalde eit godt service tilbod også i det som i dag er Selje og Vanylven.

Det er viktig for å oppretthalde eit godt tilbod i heile kommunen at innbyggjarane har tilgong til lokale tenester og eit servicesenter i nærområdet.

Med dagens teknologiske kvardag, er det heller ikkje noko i vegen for å plasser administrative funksjonar i Selje og på Fiskå tilknytt eksisterande rådhus.

Den nye kommunen vil få ca 12000 innbyggjar. Eit berande prinsipp må vere at den sjølv tek på seg dei teneste som ein sjølv kan utføre og at desse ikkje lenger vert løyst i interkommunale selskap. Vidare vil ein ha funksjonar som i dag utgjer delfunksjonar i enkeltstillingar, som det vil vere naturleg å legge som heiltidsfunksjon for å profesjonalisere arbeidet. Desse oppgåvene må ein vere fleksibel på i høve lokalisering.

Eit døme på utnytting av eksisterande kapasitet. Vanylven har eigne KAD-senger og god sengekapasitet for rehabiliteringsplassar på sitt nye omsorgssenter. Då er det fornuftige at Vågsøy og Selje får løyst sitt behov for rehabilitering her i staden for å bygge opp ny kapasitet.

Dersom ein oppnår semje om intensjonsavtale sørover på kysten, vil det kome eiga sak om dette.

Ein konsekvens av ei ny kystkommune som Selje, Vanylven og Vågsøy vil vere, må bli eit tettare samarbeid sør- og nordover på kysten.

Det er ei utfordring knytt til at kommunen er fylkesoverskridande. Konsekvensen av dette er i liten grad avklart på statleg hald. Det vert arbeidd med dette og ein må ha ei avklaring seinast før kommunestyret skal gjere vedtak i juni.

Vedlegg:

Dok.nr
182177
182176

Tittel på vedlegg
Kommunereformrapport versjon 13.01.2016 Utgreiing kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven.pdf
Intensjonsavtale mellom kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven (v.13012016).pdf



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	21.01.2016	007/16
Kommunestyre	28.01.2016	005/16

Endeleg vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 16/81	Saksansvarleg: Linda Alice Myhre Larsen
-----------------------------------	-----------------------	--

Kommunereform og innbyggjarhøyring

Rådmannen si innstilling

1. For å høyre innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Vågsøy kommune gjennomføre innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting 25.04.2016 i samsvar med saksutgreiing datert ?? .01.2016. Folkerøystinga er rådgjevande i samsvar med Kommunelova §39b.
2. Dei som er fødd 31.12.2000 eller før har røysterett ved folkerøystinga.
3. Førhandsrøystingsperioden er 14.03.16 – 22.04.16
4. Formannskapet vert vald som valstyre.
5. Kommunestyret fastset i møte 03.03.2016 kva som skal stå på røystesetlane.

21.01.2016 Formannskap

Møtebehandling:

Ordfører Kristin Maurstad og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

FrP v/repr. Hogne Bleie fremmet følgende endringsforslag til rådmannens innstilling:

«

1. For å høyre innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Vågsøy kommune gjennomføre innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting 22.05.2016 i samsvar med saksutgreiing datert 14.01.2016. Folkerøystinga er rådgjevande i samsvar med Kommunelova §39b.
2. Dei som er fødd 31.12.2000 eller før har røysterett ved folkerøystinga.
3. Førhandsrøystingsperioden vert tilpassa dato for rådgjevande folkerøysting.
4. Formannskapet vert vald som valstyre.
5. Kommunestyret fastset kva som skal stå på røystesetlane.»

Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens innstilling og endringsforslag frå FrP v/repr. Bleie. Rådmannens innstilling vedtatt mot 3 stemmer.

F-007/16

Formannskapets innstilling til vedtak:

6. For å høyre innbyggerane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Vågsøy kommune gjennomføre innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting 25.04.2016 i samsvar med saksutgreiing datert 14.01.2016. Folkerøystinga er rådgjevande i samsvar med Kommuneleva §39b.
7. Dei som er fødd 31.12.2000 eller før har røysterett ved folkerøystinga.
8. Førhandsrøystingsperioden er 14.03.16 – 22.04.16
9. Formannskapet vert vald som valstyre.
10. Kommunestyret fastset i møte 03.03.2016 kva som skal stå på røystesetlane.

28.01.2016 Kommunestyre

Møtebehandling:

Prosjektleder Eli Stølan orienterte om innbyggerundersøking.
Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

FrP v/repr. Hogne Bleie fremmet mindretallsframlegget fra formannskapet 21.01.2016:

«

1. For å høyre innbyggerane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Vågsøy kommune gjennomføre innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting 22.05.2016 i samsvar med saksutgreiing datert 14.01.2016. Folkerøystinga er rådgjevande i samsvar med Kommuneleva §39b.
2. Dei som er fødd 31.12.2000 eller før har røysterett ved folkerøystinga.
3. Førhandsrøystingsperioden vert tilpassa dato for rådgjevande folkerøysting.
4. Formannskapet vert vald som valstyre.
5. Kommunestyret fastset kva som skal stå på røystesetlane.»

Venstre v/repr. Edvard Iversen fremmet utsettelsesforslag:

«Venstre foreslår at saken utsettes til K-møte 03.03.2016.»

Votering

Det ble votert over utsettelsesforslaget fremmet av Venstre v/repr. Iversen. Utsettelsesforslaget vedtatt mot 6 stemmer.

K-005/16

Vedtak:

Saken utsettes til K-møte 03.03.2016.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommuneleva

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova)

Bakgrunn for saka

Stortinget har gitt si tilslutning til regjeringa sitt forslag om at det skal gjennomførast ei kommunereform. Målet med reforma er å sikre

- gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- heilskapelege og samordna samfunnsutvikling
- bærekraftige og robuste kommunar
- styrka lokaldemokrati.

Kommunane må innan 01.07.2016 har gjort endelig vedtak i høve framtidig kommunestruktur.

I §10 om innbyggjarhøyring i Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) går det fram at «Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte».

Denne saka handlar om spørsmålet knytt til gjennomføring av innbyggjarhøyring, og særskilt spørsmålet om eventuelt rådgjevande folkerøysting.

Utgreiing om Selje, Vanylven og Vågsøy – arbeidet så langt

Det ligg føre ein intensjonsavtale, sjå eiga sak. Eid var med på utgreiinga fram til november, men valde å treke seg ut.

Status når det gjeld andre alternativa pr i dag

Det pågår ei utgreiing mellom Flora, Bremanger og Vågsøy. Bremanger har ikkje gjort vedtak om å delta i arbeidet og vurdere å gjere eige vedtak om at dei ikkje tek del. Det er venta ei rask avklaring på dette.

Å stå åleine

Det vil foreligge ei kort utgreiing om dette til kommunestyremøtet 03.03.2016. Slik framlegget til nytt inntektssystem ser ut, er ikkje dette alternativet styrka. Vågsøy vil ved å stå åleine minste mykje av basisitilskotet.

Framdriftsplan

Kommunestyret skal gi si endelege tilråding før 01.07.2016 til Fylkesmannen som lager ei smala innstilling til Kommunaldepartementet. Kommunestyret har planlagt møte 16.06.2016.

Saksopplysningar / fakta

Innbyggjarinvolvering

Det har vore ei innbyggjar kartlegging. Denne hadde med seg fleire alternativ. Denne ga få klare svar. Resultatet ligg ved.

Det har vore halde møte med næringslivet og i ungdomsråda.

Det skal haldast eit felles formannskapsmøte og folkemøte 29. februar – 3.mars. Det vil i tillegg bli utarbeidd materiell som blir sendt alle husstandar og lagt på heimesidene.

Det må også rettast ein eigen innsats inn mot dei yngste ettersom det vert gjort framlegg om å sette røystealderen til 16 år.

Kva lovkrav ligg til grunn – Inndelingslova

I §3 i Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) går det fram at samanslåing inneber at to eller fleire kommunar eller fylke blir slutta saman til éi ny eining. Deling inneber at ein kommune eller eit fylke blir delt i to eller fleire nye einingar, eller at ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Grensejustering inneber at eit område blir flytta over frå ein kommune til ein annan, eller frå eit fylke til eit anna. På same måten blir det rekna når ein heil kommune blir flytta over til eit anna fylke.

Omgrepet grenseendring i denne lova er ei fellesnemning på samanslåing, deling og grensejustering.

I §10 om innbyggjarhøyring går det fram at «*Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte*».

Det betyr at juridisk sett blir ikkje kommunestyra pålagt å gjennomføre innbyggjarhøyring, men oppmoda om det. Vidare går det fram at kommunane står fritt til å velje høyringsform dersom dei vel å gjennomføre høyring. Ulike høyringsformer har sine fordelar og ulemper alt etter om den skal

- Bringe fram representativ informasjon
- Gi grunnlag for dialog
- Gi kunnskap og innsikt om konsekvensar
- Gi politikarane best mogleg grunnlag for å ta ei sjølvstendig avgjer.

I forarbeidet til Inndelingslova konkluderer departementet slik:

«Departementet finn ikkje grunn til å tilrå folkerøysting som høyringsform framfor andre metodar. Sjølv om ein kan redusere kostnadene noko ved å halde folkerøysting samtidig med ordinære val, er det like fullt ein nokså ressurskrevjande metode. I tillegg kjem at kostnadene ikkje alltid står i forhold til det ein oppnår. Låg valdeltaking kan t.d. gjere det vanskeleg å tolke resultatet som uttrykk for folkeviljen. Det er også ein fare for at avgjerdsprosessen i kommunen kan bli unødig lang i påvente av ei folkerøysting. Det store spekteret av inndelingssaker med ulike lokale forhold gjer at andre høyringsmetodar ofte vil vere betre eigna.»

Uansett korleis kommunestyret vel å høyre innbyggjarane er det kommunestyret som til sist må ta den endelege avgjerda i saka om kommunesamanslåing. Folkeavrøysting vil til liks med dei andre høyringsformene vere rådgjevande, jf Kommunelova § 39b. Dette inneber at kommunestyret må tolke resultat frå innbyggjarhøyring eller folkerøysting i høve mellom anna følgjande moment:

- Kva spørsmål som er stilt
- Korleis svarprosenten er
- Vurdere resultatet i ein større samanheng opp mot resultatata i dei andre kommunane
- Vurdere signal frå sentrale styresmakter
- Andre utgreiingar

Innbyggjarundersøking

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har på vegne av kommunane i landet inngått rammeavtale med Opinion as om gjennomføring av innbyggjarundersøkingar knytt til kommunereformarbeidet. Dette er meint som eit alternativ til folkerøysting.

Når det gjeld utvalssamansetting og representativitet skriv Opinion as:

- *Målgruppen, 18 år og eldre, kan identifiseres i sentralt befolkningsregister*
- *I hvert område av kommunen trekkes det et tilfeldig utvalg, der alle har den samme muligheten til å bli valgt*
- *Utvalget tilrettelegges med andre ord ved sannsynlighetsutvelging*
- *Det trekkes utvalg på postnummer*
- *Det gir et godt og representativt utvalg i tettstedene, og dermed i kommunen totalt sett, der også spredt bebyggelse inngår*
- *Videre vektet det på kjønn og alder slik at utvalget i undersøkelsen gjenspeiler befolknings sammensetningen i kommunen*

Kostnad ved gjennomføring av rådgjevande folkerøysting

Kvar enkelt kommune må sjølv dekke alle kostnader knytt til gjennomføring av rådgjevande folkerøysting, Kostnadane vil truleg ligge noko i overkant av ordinær valg gjennomføring av di utgifter til informasjon vil bli høgre. Det vert grovt stipulert til 250.000

Kostnaden vil variere litt etter om ein ønskjer å nytte same tal røystestader, røystetid mm.

Kort om den praktiske gjennomføringa av ei evt folkerøysting

- Skjeringsdato: 01.02.16
- Røysterettsalder blir 16 år, dvs at dei som er fødd 31.12.2000 eller før har røysterett ved folkerøystinga
- Valkort blir ikkje sendt ut
- Førehandsrøysting og røysting på røystedagen kan kun skje ved oppmøte i eigen kommune. Det vert også ambulant førehandsrøysting.
- Førehandsrøystingsperioden er 14.03.16 – 03.04.16 ?
- Reglane i vallova gjeld så langt som det høver
- Røysting i dei ordinære valkrinsane

Dersom det syner seg å vere behov for det må ein komme tilbake til meir detaljerte reglar i eiga sak.

Vurdering / konsekvensar

Slik det ser ut nå vil Vågsøy ha berre eit alternativ til å stå åleine.

Ei utfordring er at vesentlege føresetnader som ligg på staten si hand har drege ut i tid. Dette gjeld spørsmål som inntektssystemet, regionreforma, fylkesoverskridande alternativ og kva dette har å seie for tilbod frå helseforetaka.

Dette gjer at det også har vore vanskeleg å avklare spørsmål som er viktige for folk. Vonaleg vil noko av dette få si avklaring ut over våren.

Det er fordelar og ulemper ved ei eventuell rådgjevande folkerøysting. Den største ulempa er at spørsmålet i liten grad synes å engasjere folk. Ein risikerer difor lita deltaking.

Folk er i hovudsak oppteken av tenestetilbodet. Dette vil som konsekvens av reformen anten bli uendra eller betra. Dette er imidlertid vanskeleg å synleggjere på førehand.

Folk har også liten innsikt i konsekvensane av endingane av inntektssystemet som i liten grad er kommunisert på ein forståeleg måte frå departementet så langt.

Alternativet med ei innbyggjarundersøking vil kartlegge breiare folk sine synspunkt og ikkje berre fastslå ja eller nei.

Det som talar for folkeavrøysting er at ein kan få opp engasjementet og folk får seie si meining på tradisjonelt vis.

Dette er ei stor sak og i den grad rådgjevande røysting skal nyttast, er det vanskeleg å finne betre eksempel.

Det er snakk om rådgjevande røysting og kommunestyret må ta stilling til slutt. Det må her vektleggast også om røystinga er slik at den er representativ for folkemeininga. Her må deltaking og om rådet er klart eller ikkje vektleggast. I tillegg må kommunestyret sjå på kommunen sin totale situasjon i eit framtidsperspektiv.

Rådmannen gjer framlegg om at det vert halde folkerøysting og at denne vert opna for 16- åringar. Dette er ei sak som i stor grad handlar om framtidsutvikling og då bør 16-åringane få ta del.

Det er i framlegget til vedtak sett 25. april som dato. Vanylven har basert på kva som er sagt nord for seg sett 4. april. Ein har der kome mykje kortare i arbeidet og vil kunne vurdere dette på nytt. I Volda legg ein opp til 19. mai for prosessen Ørsta/Vøøfa. I Sunnfjord er det i utgangspunktet 4. april, men her arbeider ein for utsetting.

Etter rådmannen si meining treng ein tida fram til 25. april for å gjennomføre prosessen på ein forsvarleg måte. Samstundes er det viktig at ein nyttar same dato. Det blir foreslått 25. april no og så får ein heller endre det i møte 3. mars om det viser seg ønskjeleg.

Vedlegg:

Dok.nr
182200

Tittel på vedlegg
Innbyggjarhøyring - Rapport Vågsøy



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	21.01.2016	013/16
Kommunestyre	28.01.2016	006/16

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/56	Saksansvarleg: Irene Sivertsen
---	------------------------------	--

Forslag til økonomisk kompensasjon til kommuner med oppdrettskonsejonar

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommunestyre vil understreke oppdrettsnæringa si positive bidrag til sysselsetting og vekst på kysten. Basert på dei ulemper vertskommunane får, finn imidlertid kommunestyret det rett at konsesjonærane blir pålagd ei avgift på oppdrettskonsesjonar. Dette må også gjelde for eksisterande konsesjonar.
2. Kommunestyret vil tilrå at det blir vald ein kompensasjonsmodell som sikrar kommunane varige og stabile inntekter etter alternativ 2 i forslaget.

21.01.2016 Formannskap

Møtebehandling:

FrP v/repr. Hogne Bleie fremmet følgende endringsforslag i pkt. 1 i rådmannens innstilling:

«

1. Vågsøy kommunestyre vil understreke oppdrettsnæringa si positive bidrag til sysselsetting og vekst på kysten. Basert på dei ulemper vertskommunane får, finn imidlertid kommunestyret det rett at konsesjonærane blir pålagd ei avgift på oppdrettslokalitetar. Dette må også gjelde for eksisterande lokalitetar.»

Votering

Rådmannens innstilling med endring i pkt. 1 fremmet av FrP v/repr. Bleie enstemmig vedtatt.

F-013/16

Vedtak:

1. Vågsøy kommunestyret vil understreke oppdrettsnæringa si positive bidrag til sysselsetting og vekst på kysten. Basert på dei ulemper vertskommunane får, finn imidlertid kommunestyret det rett at konsesjonærane blir pålagd ei avgift på oppdrettslokalitetar. Dette må også gjelde for eksisterande lokalitetar.

2. Kommunestyret vil tilrå at det blir vald ein kompensasjonsmodell som sikrar kommunane varige og stabile inntekter etter alternativ 2 i forslaget.

28.01.2016 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Formannskapetets innstilling enstemmig vedtatt.

K-006/16

Vedtak:

1. Vågsøy kommunestyret vil understreke oppdrettsnæringa si positive bidrag til sysselsetting og vekst på kysten. Basert på dei ulemper vertskommunane får, finn imidlertid kommunestyret det rett at konsesjonærane blir pålagd ei avgift på oppdrettslokalitetar. Dette må også gjelde for eksisterande lokalitetar.
2. Kommunestyret vil tilrå at det blir vald ein kompensasjonsmodell som sikrar kommunane varige og stabile inntekter etter alternativ 2 i forslaget.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om Havbruk

Bakgrunn for saka

Det er lagt fram forslag til kompensasjon til kommunar med oppdrettskonsesjonar.

Det har lenge vore ei semje om at vertskommunane må få ein kompensasjon for at anlegga beslaglegg til dels store og attraktive sjøareal som elles ville vore tilgjengelege for andre næringsføremål eller friluftsliv. I tillegg til sjøareala, legg anlegga også føringar på bruken av tilstøytande landareal.

Saksopplysningar / fakta

Høyringsdokumentet ligg ved. Høyringsfrist er **14. februar 2016**

Næringa har siste åra vore svært lønsam og ettersom selskapskatten tilfell staten, har dette i mindre grad kome lokalsamfunna til god.

Restruktureringa av næringa med stadig større einingar, har også gjort at verdiskapinga i minkande grad har kome dei direkte råka lokalsamfunna til god. Vågsøy har for sin del kome noko betre ut her, med god etablering både av oppdrettselskap og underleverandørar.

Det har vore ei forsøksordning, med grøne/utviklingskonsesjonar der vertskommunen har fått ein direkte kompensasjon pr tildelt ny konsesjon.

Det har teke si tid å få fram kompensasjonsordningar for kommunane, men det er no utsendt på høyring eit framlegg som kort oppsummert skisserer følgjande 3 alternativ:

Ordning	Fordeler	Ulemper	Merknad
Alternativ 1: umiddelbar utbetaling	Ingen utfordringer med forvaltning sentralt. Kommuner og fylkeskommuner kan få renter på sin andel av inntektene eller bruke midlene til drift.	Ujevn inntektsstrøm.	Det forvaltningsmessig enkleste alternativet som sikrer at midlene kommer i bruk eller overlater ev. forvaltning til den enkelte kommune. Midlene kan disponeres fritt av kommunene—også til drift.
Alternativ 2: fast utbetaling	Sikrer jevne utbetalinger. Gir maksimal forutsigbarhet.	Vanskelig å fastsette riktig størrelse på utbetalingene, mye midler bindes opp i fondet. Forvaltningsutfordringer.	Alternativet kan bidra til forutsigbarhet for den enkelte kommune, gitt at anslagene på fremtidige inntekter er riktige. For å sikre seg mot at fondet går i minus, bør man "gjette lavt" på størrelsen. Dette gjør at midler vil bli stående ubenyttet, og skaper et behov for forvaltning. Det reiser spørsmål om hvordan midlene skal forvaltes – bl.a. av hvem og med hvilken risikoprofil. Det kan bli nødvendig å justere størrelsen om det skulle vise seg at man har gjettet feil.
Alternativ 3: prosentvis utbetaling	Mindre variable utbetalinger enn alternativ 1. Sikrer at fondet ikke tømmes.	Mindre jevne utbetalinger enn alternativ 2. Forvaltningsutfordringer. Midler står ubenyttet.	Gir relativt jevne utbetalinger og dermed forutsigbarhet. Samtidig blir det utfordringer med sentral forvaltning av midlene, samt at en andel av midlene til enhver tid står ubenyttet.

Det er ein del av forslaget om ein skal skilje mellom eksisterande og nye konsesjonar. Argumentet for å gje mest til nye konsesjonar, er at med den veksten ein ser for seg i næringa, er det vesentleg å få lokal aksept for etablering av nye konsesjonar.

Framlegget legg opp til eit skilje, men då slik at ein også får kompensasjon for etablerte anlegg.

Det vert foreslått å opprette eit havbruksfond som skal stå for det administrative rundt ordninga.

Ordninga er foreslått berre å gjelde oppdrett av laks og aure og berre for anlegg i sjhø.

Vurdering / konsekvensar

Det er ein naturleg konsekvens av den omfattande vekst oppdrettsnæringa har hatt og er forventa å få at vertskommunane får ein kompensasjon for å stille fellesareal i sjøen til disposisjon.

Ein finn det vanskeleg å gå djupt inn i dei ulike framlegga og foreslå kva som er best av dei ulike alternativa.

Det viktigaste er at eldre konsesjonar ver jamnstelte med nye. Mange av dei eldre har større ulemper enn nye fordi ein ved tildeling tidlegare i mindre grad såg føre seg ulempene på lokalmiljøet.

Vedlegg:
Dok.nr
180423

Tittel på vedlegg
Høring av forslag til innretning av havbruksfondet - frist 18.02.2016

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	06.01.2015	Det kongelige justis- og beredskapsdepartementet	Høring - Forslag til ny organisering av funksjon og oppgaver i KRÅD - frist 06.02.2015
2	I	07.01.2015	Foreningen for god kommunal regnskapsskikk	Høringsutkast til revidert KRS nr. 2 Anskaffelseskost og opptakskost for balanseposter - frist 20.05.2015
3	I	09.01.2015	Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement	Høyring - avvikling av samkommunemodellen - frist 13.04.2015
4	I	15.01.2015	Flora kommune	Kommunal skatteinnskjevning over til stat? - frist 02.03.2015
5	I	16.01.2015	Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorgan	Høringsuttalelse fra KS om statliggjøring av skatteinnskjevningen - forslag - frist 02.03.2015
6	I	22.01.2015	Det kongelige justis- og beredskapsdepartementet	Høring - forslag til endring i straffeloven 1902 og 2005 - frist 15.02.2015
7	I	23.01.2015	Helsedirektoratet	KORRIGERT VERSJON 14/7458-Høring – Samarbeid mellom helse- og omsorgstjenesten og utdanningssektor om barn og unge med habiliteringsbehov - frist 27.02.2015
9	I	23.01.2015	Helsedirektoratet - Divisjon primærhelsetjenester	Invitasjon til høring på ny papirversjon av helsekort for gravide - frist 28.02.2015
8	I	30.01.2015	Det kongelige helse- og omsorgsdepartementet	Høring - Lov og forskrifter om gjennomføring av rusomsorgen - frist 04.05.2015
10	I	10.02.2015	Direktoratet for byggkvalitet	Høring - forslag til endringer i tekniske krav til løfteinnretninger - frist 01.05.2015
11	I	11.02.2015	Stiftelsen norsk brannvernforening	Campingplasser og spikertelt - kommentarer til endringer i regelverket - frist 23.02.2015
12	I	11.02.2015	Det kongelige helse- og omsorgsdepartementet	Høring om varigheten av kommunale salgs- og skjenkebevillinger mv - frist 24.04.2015
13	I	12.02.2015	Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartementet	Høring - Forslag til endringer i matrikkelforskriften - frist 20.05.2015
14	I	16.02.2015	Direktoratet for byggkvalitet	Nye energikrav til bygg - offentlig høring - frist 18.05.2015
17	I	16.02.2015	Statens vegvesen Region vest	Høyringsbrev, forslag om særskilt fartsgrense på 40 km/t Seteneset Måløy Fv. 621 - frist 20.03.2015
15	I	18.02.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023 - frist 27.03.2015
16	I	23.02.2015	Det kongelige helse- og	Høring om endringer i forskrift om nasjonalt

		omsorgsdepartementet	vaksinasjonsprogram - Tilbud om hepatitt B-vaksine til alle barn - frist 14.04.2015
18	I	25.02.2015	Direktoratet for byggkvalitet
19	I	27.02.2015	Det kongelige kunnskapsdepartementet
20	I	27.02.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
21	I	05.03.2015	Noregs Vassdrags- og energidirektorat Region Vest
22	I	12.03.2015	Utdanningsdirektoratet
23	I	17.03.2015	Det kongelige helse- og omsorgsdepartementet
24	I	17.03.2015	Det kongelige nærings- og fiskeridepartement
25	I	19.03.2015	Det kongelige kunnskapsdepartementet
26	I	25.03.2015	Miljødirektoratet
29	I	26.03.2015	Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartementet
30	I	27.03.2015	Det kongelige kulturdepartementet
27	I	27.03.2015	Det kongelige helse- og omsorgsdepartementet
28	I	27.03.2015	likestillings- og inkluderingsdepartementet
31	I	07.04.2015	Kompetansetjeneste for Traumatologi: NKT-Traume
32	I	15.04.2015	Det kongelige nærings- og fiskeridepartement
33	I	15.04.2015	Utdanningsdirektoratet
40	I	15.04.2015	Det kongelige olje- og energidepartementet
34	I	20.04.2015	Statens vegvesen Region vest
35	U	22.04.2015	Statens vegvesen Region vest
36	I	22.04.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
37	I	22.04.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
			Offentlig høring av forslag til forenklinger i SAK10 og TEK10 vedr. eksisterende bygg - frist 26.05.2015
			Høring - forslag til regulering av gratis kjernetid i forskrift om foreldrebetaling i barnehager - frist 17.04.2015
			Invitasjon til høring, strategiplan for UKM Norge - frist 10.03.2015
			Høring av melding om vannuttak fra Svartebotvatnet i Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane. NVEs referanse: 201402356-2 - frist 24.04.2014
